

Arkiv: <arkivID><jplD>
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.04.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
042/21	Alver formannskap	22.04.2021
063/21	Alver kommunestyre	06.05.2021

Reglement for styring av investeringsprosjekt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek reglement for styring av investeringsprosjekt slik det ligg føre i vedlegg til saka.

Alver formannskap 22.04.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke (A.Byrknes-KRF var ikkje tilstades under røystinga)

FO- 042/21 Vedtak:

Kommunestyret vedtek reglement for styring av investeringsprosjekt slik det ligg føre i vedlegg til saka.

Alver kommunestyre 06.05.2021:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 063/21 Vedtak:

Kommunestyret vedtek reglement for styring av investeringsprosjekt slik det ligg føre i vedlegg til saka.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Alver kommune vedtok i mars 2020 retningslinjer for styring av investeringsprosjekt. Vedtaket den gongen vart basert på metodikk frå tidlegare Lindås kommune og gjaldt hovudsakleg byggeprosjekt utanom kommunaltekniske prosjekt (veg, vatn og avløp). Retningslinjene skulle vere midlertidige medan ein utarbeidde eige reglement tilpassa den nye organisasjonen Alver kommune.

Saksopplysninger:

Gjennom 2020 har ein styrt dei pågåande investeringsprosjekta mykje basert på tidlegare praksis og planar. Det er eit behov for å kunne gjennomføre og styre investeringsprosjekta på ein sams måte for heile kommunen. Det nye reglementet skal gjelde for alle typar investeringsprosjekt og skildrar prosjektplanlegginga frå konsept til driftsfase.

Målet med reglementet er at investeringsprosjekta skal følgje ein kjent metodikk, kunne planleggast godt og vere føreseielege både for administrasjon og politiske styringsgrupper. Reglementet vil hjelpe både

administrasjon og politikarar til å kunne følgje prosjekta fase for fase og kunne ta reelle val knytt til konsept, planlegging og gjennomføring. Risikokartlegging og økonomistyring vert ein vesentleg del av planlegginga. Det vert lagt opp til faste politiske beslutningspunkt i kvart prosjekt der kostnadskonsekvensar og risikokartlegging blir presentert.

Vedlegg i saken:

15.04.2021 Reglement for styring av investeringsprosjekt

1542635